

Volda, 04.11.20.

### Innspel frå Volda SV til Detaljregulering for Rotsetfjøra

Det er svært uheldig at ein set i gang planarbeid for avgrensa område utan å ha på plass arealdelen i kommuneplanen for Volda. Ved å tillate detaljregulering utan ein slik overordna plan, seier vi frå oss moglegheita til ei strategisk, heilskapleg og langsiktig utvikling av Volda. I Formannskapet 15.09.20 stemte derfor Volda SV mot å sende Detaljreguleringsplanen for Rotsetfjøra på høyring før kommunen sin arealdel for denne delen av Volda er på plass. Når saka no likevel er lagt ut, vil vi fremje to hovudinnvendingar:

- Byggehøgda for dei to blokkene er langt høgare enn vi kan akseptere
- Det må stillast klare krav til den estetiske utforminga av blokkene

Vi meiner at det er vesentlege motsetnader mellom overordna strategiar og dei konkrete forslaga for utvikling av Rotsetfjøra. Vi meiner at det i dei overordna strategiane blir gitt sterke argument for vern og forsiktig utvikling av Rotsetfjøra, men at vi ikkje i tilstrekkeleg grad ser igjen desse i det konkrete forslaget til regulering av området.

- Vi meiner at det ut i frå omsyn til kulturminna og bygningsmiljøet i området, stemmer dårleg å tillate store blokker her. Dette stemmer også svært dårleg overeins med målet om å ta vare på Volda sitt særpreg og kvalitetar i bygningsmiljøet, slik det er skildra i dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar».
- Vi ber om at det blir stilt krav om at husa *faktisk* må «utformast i samspel med omgjevnader sin karakter og form», slik det står i «*Føresegner og retningsliner. Kommuneplanen sin arealdel*» §2.15.1a (sjå også s.15 og 16 i same dokument). Dette inneber at både form, farge, volum og materialval må tilpassast bygningsmiljøet som allereie finst i dette området. **Om ein skal ta denne overordna strategien på alvor, inneber dette at hus ovanfor Rotsetfjøra ikkje kan vere meir enn tre etasjar, at dei bør ha kledning i treverk, vere av beskjedne volum og ha fargar som passar med dei gamle husa i området. Dei nye bygga kan stå i kontrast til eksisterande arkitektur, men dei «skal underordne seg staden sitt særpreg»** (Føresegna §2.16.1c).

Rotsetfjøra er peika ut som ei omsynssone (H570) der det skal takast «særlege omsyn til kulturmiljø». Dette krev at vi både har med oss historia og tenkjer langt fram i tid når området no skal utviklast.

Til sist spør vi om det er avklart kven som skal ta kostnaden med å opparbeide fellesområda/friområdet som er skissert i detaljreguleringsplanen. Forpliktar utbyggjar seg til dette? Eller kan vi risikere at opparbeidinga av områda rundt bygningane ikkje vert realisert? I så fall står argumenta om at dette prosjektet vil gjere sjøen og fjøra meir tilgjengeleg for ålmenta svakt.

På vegne av Volda SV,  
Silje Louise Dahl